

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Postboks 8119 DEP

0032 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:  
23/10325-1

Dato:  
17.10.23

## **Søknad om dispensasjon frå opptakskrav for bachelor i sjukepleie ved Høgskulen på Vestlandet**

Høgskulen på Vestlandet (HVL) søker om dispensasjon frå spesielle opptakskrav for bachelor i sjukepleie, heiltid og deltid – kravkode NO3MA3 – karakterkrav 3 i norsk og karakterkrav 3 matematikk. HVL er samd med Opptaksutvalget sitt framlegg om at generell studiekompetanse skal vere grunnlag for opptak til høgare utdanning. Vi meiner generelt at inngangen til høgare utdanning bør vere brei slik at den favnar fleire. Vi ser derfor veldig positivt på at nivåkrava forsvinn i den nye modellen. I påvente av nye opptaksreglar søker vi fritak for dei spesielle opptakskrava i sjukepleie. Årsaka til at vi søker om fritak i påvente av nytt reglement er at det hastar å sikre betre rekruttering av sjukepleiarar til helsetenesta i heile Noreg.

I vår høyring til Opptaksutvalget har vi påpeika at spesielle opptakskrav bør vere begrensa ut frå ei grundig fagleg vurdering av kva minstekrav som er nødvendig for å kunne begynne på, og fullføre utdanninga. HVL er derfor einig i at nivåkrava bør fjernast, men at innhaldskrava vert dei same. Dette er godt regulert via nasjonale rammeplanar og retningslinjer. Desse rammeplanane og retningslinjene er gode styringsverktøy for å sikre kvaliteten på dei som fullfører og består ei høgare utdanning i f.eks sjukepleie.

Bakgrunnen for å søke om dispensasjon med umiddelbar verknad er at HVL over fleire år totalt sett har opplevd ein nedgang i søkartala til bachelor i sjukepleie. For året 2023 ser HVL i tillegg ein skilnad i rekrutteringa ved at ein har god innsøking til bachelor i sjukepleie, heiltid og deltid/desentralisert ved campus Bergen, sjølv om det er nedgang, men at det er endå lågare innsøking til bachelor i sjukepleie ved campusane Stord heiltid, Førde heiltid og deltid/desentralisert og Haugesund heiltid og deltid/desentralisert. For deltid/desentralisert er dette ein forsterka tendens i og med at ein ved førre opptak i 2021 også opplevde nedgang i søkartala.

---

**Postadresse**  
Høgskulen på Vestlandet  
Postboks 7030  
5020 Bergen  
post@hvl.no

**Telefon**  
+47 55585800  
**Internett**  
www.hvl.no  
**Org.nr.** 917 641 404

**Fakturaadresse**  
Høgskulen på  
Vestlandet  
Fakturamottak  
Postboks 363 Alnabru  
0164 Oslo

**Avdeling**  
Fakultet for  
helse- og  
sosialvitenskap

**Saksbehandler**  
Elisabeth Aase Sæther  
Telefon: +47 57 72 25 08

HVL er svært bekymra over nedgangen i talet på søkarar ved campusane i distrikta, og kva dette vil ha å seie for rekrutteringa framover til helsetenestene i dei ulike regionane. Det er ein viktig del av samfunnsansvaret at vi sikrar god rekruttering til alle campusane. Dispensasjon frå karakterkravet 3 i norsk og karakterkrav 3 matematikk vil difor vere eitt av fleire tiltak for å auke søkartalet og dermed moglegheita til å rekruttere fleire søkarar til sjukepleiaryrket.

Søknaden om dispensasjon i opptakskrav gjeld frå og med opptak for studieåret 2024/2025.

I og med at fristen for å melde inn studietilbod med opptakskrav for kommande utlysing til Samordna opptak er 1. desember 2023, er vi avhengig av rask tilbakemelding for eventuelt å kunne effektivere dette tiltaket.

Vi ber difor om svar frå Kunnskapsdepartementet innan 9. november 2023.

### **Bakgrunn**


I 2019 blei karakterkravet på 3 i norsk og matematikk innført for bachelor i sjukepleie, og i Forskrift om opptak til høgare utdanning heiter det i § 4-2, 7. ledd følgjande:

«3-årig bachelorstudium i sjukepleie har krav om at søkjaren må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar).

Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått i programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.»

### **Nedgang i søkartal**

Søkartal for sjukepleie heiltid, alle søkarar ved Høgskulen på Vestlandet, inkludert realkompetanse, går fram av tabellen «Sykepleie – Søkertall sammenligning mellom semestre». I oversikten er det ein nedgang i både søkarar, samt kvalifiserte søkarar mellom 2018 og 2019, som er samanfallande med at karakterkrava i norsk og matematikk blei innført for opptaket i 2019. For åra 2020 og 2021 har tala tatt seg noko opp att samanlikna med året 2019. Deretter går tala mykje ned. I 2022 er det 2101 færre søkarar, samt 1764 færre kvalifiserte søkarar enn i 2021. Deretter er det ein ytterlegare nedgang mellom 2022 og 2023 med 1596 færre søkarar og 1649 færre kvalifiserte søkarar. Det vil seie at det har vore ein total nedgang mellom 2021 og 2023 på 3697 færre søkarar og 3413 færre kvalifiserte søkarar. Mellom siste året før innføring av karakterkrav, 2018, og fram til i dag har det totale søkartalet gått ned med 4026, og nedgang i kvalifiserte søkarar har totalt gått ned med 4746.



Søkere, Kvalifisert, Tilbud, Ja-svar and Mott for each Sykepleie eller vernepleie broken down by År. Color shows Søkere, Kvalifisert, Tilbud, Ja-svar and Mott. The marks are labeled by Søkere, Kvalifisert, Tilbud, Ja-svar and Mott. The data is filtered on Påmeldt, Institutt, Uavn, Prioritet, Opptakstype, Opptaksordell and Studieprogram. The Fakultet Riker keeps multiple members. The Institutt Riker keeps 162 of 133 members. The Uavn Riker keeps 119 and 119 members. The Prioritet Riker keeps multiple members. The Opptakstype Riker keeps Lovalt oppslag and Samordna oppslag. The Opptaksordell Riker keeps 92 of 270 members. The Studieprogram Riker keeps 804 of 802 members. The view is filtered on Sykepleie eller vernepleie, which keeps Sykepleie.

## Søkarar til HVL for studieåret 2023/2024 på bachelor i sykepleie, heiltid

I Notat nr. 03/2023 Kartlegging av utvikling av opptak, gjennomføring, kandidatproduksjon og praksisplasser for sykepleieutdanningen utarbeid av Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet blir det også kommentert at:

Ser vi på søknadsstatistikken for bachelorutdanningen, blir bildet preget av hvilket tidsperspektiv vi anlegger. For perioden 2018-2022 sett under ett, har det vært en kraftig nedgang i både antall søkere totalt og i kvalifiserte førstevalgssøkere per studieplass. Den største nedgangen var imidlertid mellom 2018 og 2019. Om vi ser på utviklingen fra 2013, framstår årene 2016-2018 som unntaksår med spesielt høye søkertall til sykepleierutdanningen.

Nedgangen fra 2018 til 2019 kan trolig i stor grad tilskrives innføring av karakterkrav i matematikk og norsk for å komme inn på sykepleieutdanningen. Dette kravet har også i årene etter 2019 begrenset antall søkere. [...]

Det må understrekes at 2022 representerte en tydelig nedgang fra året før, og hadde det laveste antall kvalifiserte søkere per plass også i et tiårs perspektiv. Selv om økningen i studieplasser gjør at det er noe flere plasser å dele søkere på, er hovedgrunnen til fallet i antall søkere per studieplass først og fremst reduserte søkertall. Det var forventet noe nedgang etter generelt rekordhøye søkertall til høyere utdanning under pandemien. Søkningen til bachelor i sykepleie skiller seg imidlertid ut fra mange andre utdanninger med en nedadgående trend siden 2017/18 og bare noe økning i 2020 og 2021. En videre nedgang vil være utfordrende med tanke på å fylle studieplassene i hele landet og er urovekkende gitt den store etterspørselen etter sykepleiere.

Søkertallene fra Samordna opptak for høsten 2023 ble offentliggjort 24. april, og viser en nedgang i antall førstevalgssøkere til bachelorutdanning i sykepleie på 12,5 prosent sammenlignet med 2022.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Notat nr. 03/2023 Kartlegging av utvikling i opptak, gjennomføring, kandidatproduksjon og praksisplasser for sykepleieutdanningen, s. 4. [Notat sykepleie til publisering 30.05.23 \(2\).pdf](#)

Beskrivinga i notatet frå HK-dir som omhandlar nedgang etter innføring i karakterkrav mellom 2018 og 2019 samsvarer med som er observert i søkartala frå bachelor i sjukepleie, heiltid ved HVL. Like eins ser HVL at det har vore ein nedgåande trend med innsøking sidan 2017/18 og berre noko auke i 2020 og 2021 på same måte som er presisert i notatet frå HK-dir.

Som eitt av tiltaka for å fylle studieplassane på bachelor i sjukepleie ved HVL ynskjer ein difor å søke om dispensasjon av karakterkravet på 3 i matematikk og 3 i norsk .

### *Bachelor i sjukepleie, heiltid – Moglegheiter for å auke innsøking til studieprogrammet*

Basert på følgjande kriterium: i) søkarar som hadde bachelor i sjukepleie ved HVL som førsteval, og ii) søkarar som har generell studiekompetanse kan vi seie heilt sikkert at vi ville ha hatt 125 fleire kvalifiserte førstevalssøkarar for studieåret 2023/2024 dersom ein ikkje hadde hatt opptakskravet NO3MA3.

Fordelinga campusvis av desse 125 kvalifiserte ville ha vore som følgjer:

- 59 fleire kvalifiserte førstevalssøkarar til Bergen
- 9 fleire kvalifiserte førstevalssøkarar til Førde, vår opptaket (opptak pågår.)
- 16 fleire kvalifiserte førstevalssøkarar til Stord
- 16 fleire kvalifiserte førstevalssøkarar til Førde, haustopptaket
- 25 fleire kvalifiserte førstevalssøkarar til Haugesund

### Førstevalg sykepleie Matematikk <3 og Norsk <3

OPPTAKSTY..	INSTITUSJO..	OPPTAKSTUDPROGNAVN (OPPTAKSTUDIEPROGRAM1)	KVALGRUN..	Matematikk	Norsk	
					Norsk <3	Norsk >3
NOM	203, 50	Sykepleie, Bergen, høst	AEA, ATA, AXA and 15 more	Programfag matematikk	1	99
				Matematikk >3	10	277
				Matematikk <3	8	40
203, 52	Sykepleie, Førde, vår	AEA, ATA, AXA and 15 more	AEA, ATA, AXA and 15 more	Programfag matematikk		2
				Matematikk >3	1	12
				Matematikk <3	2	6
203, 53	Sykepleie, Stord, høst	AEA, ATA, AXA and 15 more	AEA, ATA, AXA and 15 more	Programfag matematikk	1	2
				Matematikk >3	1	25
				Matematikk <3	8	6
203, 54	Sykepleie, Førde, høst	AEA, ATA, AXA and 15 more	AEA, ATA, AXA and 15 more	Programfag matematikk	0	4
				Matematikk >3	2	38
				Matematikk <3	3	11
203, 56	Sykepleie, Haugesund, høst	AEA, ATA, AXA and 15 more	AEA, ATA, AXA and 15 more	Programfag matematikk	2	15
				Matematikk >3	6	59
				Matematikk <3	10	7

Når det gjeld «Søkarar» totalt sett er det litt vanskelegare variabel å telle på, så her er det fleire atterhald, sidan HVL berre har detaljerte data på søkarar vi har saksbehandlarrolle for. Dermed kjenner ikkje vi til talet for søkarar som har søkt opptak til sjukepleie ved HVL, men har til dømes ein anna utdanningsinstitusjon som saksbehandlar i opptaket.

Sjølv med desse atterhalda, kan HVL seie at vi har minst 291 søkarar til sjukepleieutdanning, som har generell studiekompetanse, men som ikkje er kvalifisert for opptak på grunn av karakterkravet. Her må ein òg ta i betraktning at talet vi har i basen på grunnlag av søkartalet i år baserer seg på at det er «kjent» for søkarane at det er karakterkravet som gjeld. Talet på søkarar kunne dermed kanskje ha vore ein del større, men med ukjent verdi, sidan ein del moglege søkarar let vere å søke på bakgrunn av at dei på forhånd veit at dei ikkje er kvalifisert på bakgrunn av dei gjeldande opptakskrava.

## Søkere sykepleie Matematikk <3 og Norsk <3


OPPTAKSTY..	STUDIETYP..	KVALGRUN..	Matematikk	Norsk	
				Norsk <3	Norsk >3
NOM	50, 52, 53 and 2 more	AEA, ATA, AXA and 15 more	Programfag matematikk	11	270
			Matematikk >3	44	841
			Matematikk <3	69	167

Moglegheit for søkarar med realkompetanse dersom særskilte krav til matematikk og norsk blir tatt vekk.

Ved å ta vekk kravet til matematikk og norsk vil i tillegg fleire søkarar kunne få moglegheit til å bli vurdert for på bakgrunn av realkompetansevurdering.

Tabell: Sjukepleie heiltid, realkompetansesøkarar, som frå 2019 har måtte ta matematikk og norskkravet for å kunne bli vurdert på realkompetanse.

Årstal	Realkompetanse søkarar	Kvalifiserte	Tilbod	Ja svar	Møtt
2017	93	30	14	14	10
2018	87	36	6	4	4
2019	14	0	0	0	0
2020	38	4	0	0	0
2021	53	4	2	1	1
2022	4	4	3	3	3
2023	36	4	2	1	1



Som ein ser av tabellen og grafen ovanfor er det ein nedgang i kvalifiserte realkompetansesøker frå og med året 2019 som òg er samanfallande med innføring av kravet til karakteren 3 i matematikk og norsk (393) timar frå og med studieåret 2019/2020. Før endring i opptakskrav for studieåret 2019/2020 var det fleire søkarar, fleire kvalifiserte, og fleire som fekk tilbod på grunnlag av

realkompetanse enn etter at kravet blei innført. Dei som før var kvalifiserte var dei som jobba innanfor helse- og sosialsektoren, men som etter det nye kravet i 2019 ikkje lenger var kvalifiserte. Svært mange av desse var helsefagarbeidarar. Det er berre dei mest dedikerte søkarane som vel å ta opp norskfaget (393 timar) og den delen av matematikkfaget som dei manglar. Det vil seie at dei har matematikk frå første året på yrkesfag, men manglar matematikk påbygg. I tillegg kjem karakterkravet for desse to faga.

### **Bachelor i sjukepleie – deltid**

Bachelor i sjukepleie, desentralisert ved HVL har òg opplevd nedgang i søkartala totalt sett.

For å få eit breiast mogleg nedslagsfelt i rekrutteringa vil dette studieprogrammet difor bli omgjort til eit deltidsstudium, som blir lyst ut gjennom Samordna opptak. Desse endringane medfører at følgjande opptakskrava utgår ved HVL: «i) relevant yrkeserfaring i helsefaglig/sykepleiefaglig arbeid fra kommune eller helseforetak tilsvarende minimum 2 år på heltid (deltidsstilling omregnes til heltid) og ii) at en må være ansatt i en kommune, eller et helseforetak med geografisk tilknytning til studiestedet. Det er et krav om arbeidstilknytning i studietiden.»

Opptakskrava blir dermed utan tilknytingskrav, og vi ynskjer med argumentasjonen som er nemnt ovanfor når det gjeld dispensasjon at opptakskrava for fulltid og deltid blir like.

Målsettinga ved å gjennomføre desse grepa er at vi skal kunne rekruttere breiare i søkarmassen, både nasjonalt og regionalt, og dermed få høgare studenttal. Dette tiltaket vil igjen kunne vere med på å styrke den enkelte campus, samt at vi håper at vi kan svare ut det aukande behovet for fleire sjukepleiarar framover.

### **Avslutningsvis**

Det er viktig å understreke at HVL sett same krav til sluttkompetanse gjennom at ein oppnår læringsutbytta på bachelor i sjukepleie, heiltid og deltid. HVL vil òg følge opp med analyser om dispensasjonssøknaden blir innvilga, og desse analysene vil kunne vere nyttige for resten av sektoren.

### **Forslag til ny ordlyd for både heiltid og deltid om dispensasjonen blir innvilga**

Vi ber om at det blir gjort ei tilføyning i Forskrift om opptak til høgare utdanning § 4-2, 7. ledd med følgjande ordlyd:

«For opptak frå og med studieåret 2024/2025 gjeld ikkje dette kravet for opptak til høgare utdanning ved Høgskulen på Vestlandet.»

Med helsing

Anne-Grethe Naustdal  
Prorektor for utdanning ved HVL

Randi Skår  
Dekan for Fakultet for helse- og sosialvitenskap

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrivne signaturar.*